

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



ÅRSMELDING 2020

Styremedlemar og personlege varamedlemar før årsmøtet 03.10.20:

Arna Berg, Åseral sogelag. På val i 2021.

Vara: Helge Wiig, Holum historielag. **På val i 2021**

Birgit Attestog, Setesdal sogelag. På val i 2021

Vara: John Seldal, Øyestad historielag. **På val i 2021.**

Dag Magne Johannessen, Arendal historielag. På val i 2021.

Vara: Åse Trondal, Stokken historielag. **På val i 2021.**

Helge Røed, Gjerstad historielag. På val i 2021.

Vara: Harald Søren Storaker, Austad historielag. **På val i 2021.**

Morten Aslaksen, Vennesla historielag. På val i 2020.

Vara: Oddmund Valand Eikeland, Mandal historielag. **På val i 2020.**

Kurt Sandman, Selskapet for Grimstad bys vel. På val i 2020.

Vara: Lars Petter Østeby, Høvåg museums- og historielag. **På val i 2020.**

Anne Tone Aanby, Åmli historielag. På val i 2020.

Vara: Torstein Andersen, Sønedeled og Risør historielag. **På val i 2020.**

Hans Christian Lund, Kvinesdal historielag. På val i 2020.

Vara: Ragnhild Høydal, Kvinesdal historielag. **På val i 2020.**

Leiar: Arna Berg på val som leiar i 2020.

Nestleiar: Birgit Attestog på val som nestleiar i 2020.

Styremedlemar og personlege varamedlemar etter årsmøtet 03.10.20:

Birgit Attestog, Setesdal sogelag. På val i 2021

Vara: John Seldal, Øyestad historielag. **På val i 2021.**

Arna Berg, Åseral sogelag. På val i 2021.

Vara: Helge Wiig, Holum historielag. **På val i 2021**

Dag Magne Johannessen, Arendal historielag. På val i 2021.

Vara: Åse Trondal, Stokken historielag. **På val i 2021.**

Helge Røed, Gjerstad historielag. På val i 2021.

Vara: Harald Søren Storaker, Austad historielag. **På val i 2021.**

Judith Cathrine Horrisland, Øvrebø historielag. På val 2022.

Vara: Oddmund Valand Eikeland, Mandal historielag. **På val i 2022.**

Lars Petter Østebø, Høvåg museums- og historielag. På val i 2022.

Vara: Per-Kristian Finstad, Fjære historielag. **På val 2022.**

Anne Tone Aanby, Åmli historielag. På val i 2022.

Vara: Torstein Andersen, Sønedeled og Risør historielag. **På val i 2022.**

Olav Flottorp, Audnedal historielag. På val i 2022.

Vara: Kjell Ove Sætren, Mandal historielag. **På val i 2022.**

Leiar: Birgit Attestog på val som nestleiar i 2021

Nestleiar: Arna Berg på val som leiar i 2021.

Valkomiteen før årsmøtet 2020:

Arne Lervik, Austad historielag, Lyngdal. **På val i 2020.**

Terje Sandkjær, Landvik historielag. **På val i 2020.**

Signe Rysstad, Vennesla historielag. **På val i 2021.**

Jan Einar Henriksen, Sønedeled og Risør historielag. **På val i 2021.**

Valkomiteen etter årsmøtet 2020:

Arne Lervik, Austad historielag, Lyngdal. **På val i 2022.**

Jan Osmundsen, Tromøy historielag. **På val i 2022.**

Signe Rysstad, Vennesla historielag. **På val i 2021.**

Jan Einar Henriksen, Sønedeled og Risør historielag. **På val i 2021.**

Rekneskapsfører:

Frank Olsen, Regnskap Sør.

Revisor:

Team Revisjon AS

Organisasjonssekretær/dagleg leiar:

Martin Sturla Ledang 40 % stilling.

Verksemda i laget:

Styret.

I årsmøteperioden har styret hatt 2 styremøte, 3. februar og 9. mars, før pandemien braut ut og samfunnet stengte ned. Vi fekk likevel til eit styremøte kombinert med strategisamling og det var 21. oktober. På grunn av koronapandemien har ein ikkje kunne samlast til styremøte etter dette.

Strategisamling.

I tilknytning til styremøtet 21. oktober hadde ein strategisamling der og varamedlemane og meldamer av valkomiteen deltok. Det blei skriva referat frå samlinga og styret har teke med seg innspela i det vidare arbeidet.

Arbeidsutval.

Styret har hatt eit arbeidsutval bestått av leiar, nestleiar og eit styremedlem, Helge Røed. Arbeidsutvalet har hatt 2 fysisk møte, 20. februar og 11. august og 2 digitale møte, og elles kontakt over telefon.

Redaksjonskomite for magasinet Egde.

I tillegg til organisasjonssekretæren som redaktør oppnemnde styret arbeidsutvalet som redaksjonskomite.

Valnemnd.

Styret oppnemnde Arne Lervik til leiar av valkomiteen. Valnemnda gjer eit grundig arbeid og startar tidleg i tråd med retningslinene som vart vedtekne i 2019.

Kontorlokale og arkiv.

Agder Historielag har kontorplass på Arkivet freds- og menneskerettighetscenter i Kristiansand med opningstid for publikum nokre timar ein dag i veka, og elles har sekretæren vore godt tilgjengeleg på mobiltelefon. Laget har og arkivplass i same bygg.

Årsmøtet 2020

Årsmøtet blei halde laurdag 3. oktober 2020 på Eikerapen gjestegard i Åseral. Det var i alt 48 deltakarar, 38 av desse var delegatar frå medlemslaga.

Dagen starta med tradisjonell folkedans og stev framført av ordføraren i Åseral, Inger Lise Lund Stulien og Kari Røynlid. Deretter ønskte dei årsmøtet velkomne til Eikerapen og Åseral. Røynlid fortalte litt om kommunens gode og gjennomarbeidde kulturminneplan.

Elles blei det orientert om planlagt tur til Estland v/Hege Bomann Grundekjøn. Martin Ledang orineterte også om Norsk digital fangearkiv. Dette er eit prosjekt som «Arkivet» står bak og Agder historielag er også involvert i dette arbeidet.

Ellen Ledaal Gjertsen fortalte frå Arendal historielags arbeid og om «Byvandringar» i Arendal som dei har arrangert.

Elfrid Werdal hadde eit innlegg om arbeidet/aktiviteten i Eiken sogelag.

Årsmøtesakene med årsmelding, strategiplan, rekneskap, budsjett, auke av medlems-kontingenten og val blei behandla.

Møtet blei avslutta med «Speakers corner» der Beint Foss hadde eit engasjert innlegg om namn på buss-stopp.

Medlemslag og abonnentar

I Aust- og Vest-Agder er det i alt 52 lokale historielag med omlag 11 600 medlemmar. 41 av lokallaga med 9262 medlemmar er med i Agder historielag. 29 av lokallaga er medlem i Landslaget for lokal historie. Magasinet Egde har om lag 700 abonnentar.

Økonomi

Det har blitt arbeidd med økonomien og styret har hatt økonomien som fast punkt på kvart styremøte. I samarbeid med rekneskapskontoret har vi lagt opp rutinar der organisasjonssekretæren har meir innsyn i rekneskapsrapporten, noko som er ressurs sparing både i tid og pengar. Tilskottet frå Agder fylkeskommune vart auka litt og i 2020 har vi redusert driftskostnadane ennå meir, og fekk vi eit lite overskott på drifta.

Heimesida og Facebook.

Agder Historielag har heimeside med adresse www.historielagene.no/Agder. Den har lenker til alle lokallaga som ønskjer det. Organisasjonssekretæren følger opp og utviklar denne sida og Facebook sida. Alle som er på Facebook kan søke på Agder Historielag, og legge inn ting av interesse der.

Agders Historie

Av dei planlagde 7 band er 4 ferdig:

- 1920 - 1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991)
- 1840 - 1920 (Bjørn Slettan, 1998)
- 800 - 1350 (Torbjørn Låg, 1999)
- 1641 - 1723 (Ingeborg Fløystad, 2007)

Det som står att:

- 1350 - 1640: Stein Tveite.
- 1723 - 1840: Gustav Sætra.
- 1945 til i dag: Dag Hundstad.

På redaksjonskomiteen 13. november 2019 vart det avtalt nytt møte i mai 2020, men på grunn av pandemien kunne ikkje det gjennomførast og vart utsett.

Neste møte vart halde 15. september på UIA.

Til stades:: Berit Eide Johnsen (referent og møteleiar), Andreas Hompland, Olav Arild Abrahamsen, Harald Rinde (under diskusjonen av Dag Hunsdal sitt manus), Dag Hunsdal (forfattar), Gustav Sætra (forfattar), Arna Berg (leiar Agder historielag), Martin Ledang (organisasjonssekretær Agder historielag).

Forfall: Stein Tveite (forfattar).

Stein Tveite var ikkje til stades, men hadde sendt manus. Det kan sjå ut som arbeidet nærmar seg slutføring. Gustav Sætra er i startfasen med arbeidet. Dag Hundstad har god framdrift.

Neste møte vart planlagt til slutten av april 2021.

EGDE – magasinet for historie og kultur i Agder

Egde - magasinet kom ut med tre nummer i 2020. Redaktør for magasinet var Martin Sturla Ledang. Grafisk Partner stod for grafisk tilrettelegging og produksjon.

Annan aktivitet

- Styreleiar har delteke på ei regionleiarssamling arrangert av Landslaget for lokalhistorie, [Gardermoen 16. februar](#).
- Arbeidsutvalet dvs. Arna Berg, Martin Sturla Ledang, Birgit Attestog og Helge Røed, hadde sommarmøte med glosteik i Åseral hos Arna 1. august.

- Den tradisjonelle turen gjekk i 2020 til Hardanger. Den varte frå 3. til 6. september. Ivar Haugen var turleiar. Helge Røed representerte styret på turen.
- I samband med at Gustav Sætra vart pensjonist arrangerte UIA eit avslutningsseminar for han med tema «Agder og den store verden». Seminaret vart hald på Kuben i Arendal 16. september med 38 inviterte deltakarar. Redaksjonskomiteen for Agders Historie var invitert, styreleiar Arna Berg og organisasjonssekretær Martin Ledang møtte for Agder historielag.
- Det vart ikkje arrangert tradisjonelt haustmøte i 2020, dette på grunn av pandemien og restriksjonar knytt til denne. Men det var eit samarbeid med UiA om digitalt Agder-seminar i oktober.
- Samarbeid om prosjektet "Norsk digitalt fangearkiv" held fram.
- Agder Historielag har samarbeidd med Memoar og Åseral sogelag om 3 dagars kurs og praktisk hjelp til intervju, lagring og formidling av munnleg historie. Kurset var planlagt 16. – 18. mars 2020 på Minne kultursenter, men som mange andre samlingar måtte dette utsettast. Samlinga vart gjennomført 10.-12. oktober.
- Vi har elles hatt god kontakt og samarbeid med fylkeskommunane, Vest-Agder-museet, Aust-Agder museum og arkiv, Statsarkivet, Arkivet freds- og menneskerettighetscenter og UIA.

Oppsummering

Det har gått med ein del tid til organisasjonsbygging og arbeid med rutinar. Både styret og organisasjonssekretæren er godt i gang med årsplanar for møte og arbeidsoppgåver, men koronaåret har lagt ein dempar på aktiviteten.

Birgit Attestog, leiar

Arna Berg, nestleiar

Anne Tone Aanby

Olav Flottorp

Cathrine Horrisland

Hans Petter Østby

Dag Magne Johannessen

Helge Røed